



Mjåtveit Næringspark AS  
Grønamyrvegen 2  
5353 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/975 - 15/8929

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:  
13.05.2015

## Deling av parsell til næring/industri/lager - eigedom 22/218 - Mjåtveit Næringspark

**Administrativt vedtak. Saknr: 145/2015**

**Søknad journalført:** 30.3.2015  
**Søklar:** Prosjektstyring Vest AS  
**Heimelshavar :** Mjåtveit Næringspark AS

### Saksutgreiing:

#### Om søknaden

Det er søkt om å dele ifrå ein parsell på 3,1 da frå eigedom 22/218. Parsellen er planlagt å nytte til formålet næring/industri/lager.

Det er oppgjeve at her gjennom reguleringsplanen er godkjent tilkomst via privat internt vegnett, og ved løyve til avkjøring frå vegnettet .

Det er søkt om 2 avkjørsler til omsøkt parsell, ei avkjøring i nord og ei i vest.

Når det gjeld vatn og avlaup, så er det i søknaden oppgjeve at her er offentleg vassverk og offentleg avlaupsanlegg i området.


### Situasjonsplan

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



### Planstatus

Området er regulert til Næring/industri/lager i reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde, med PlanID 1256 2012 0001. Det er laga ein illustrasjonsplan for næringsområdet som også er del av planskildringa. Søknaden er ikkje i samsvar med illustrasjonsplanen.

Det er i føresegnene til planen m.a. oppgjeve at ved deling skal byggjegranser vere 4 meter frå tomtegrensene, jf. § 2.1. Det er vidare oppgjeve at verksemdar ikkje kan gjevast bruksløyve før vegar til tomte er ferdig opparbeidd med faste dekker og tilhøyrande fortau er ferdigstilt, jf. § 2.3.3. Krav til parkering og avkjørsler for verksemdene er regulert i føresegnene, jf. § 3.3

### Nabotilhøve

Søknaden er nabovarsla og her er ikkje motteke merknader i saka.

### Tilkomst, vatn og avløp

Det er planlagt å nytte eksisterande felles privat tilkomst fram til omsøkt avkjøring i vest, og vidare å opparbeide ny fellesveg (f\_KV04) fram til avkjøring i nord.

Ny veg lyt opparbeidast i samsvar med tidlegare gjevne løyver for veganlegget, og ein lyt pårekne å opparbeide fortau f\_FT04 fram til avkjøringa i nord.

Det er offentleg vatn og avlaup i området. Det lyt søkjast om tilknytningsløyve for VA-anlegget i samband med byggesaka.

### Vurdering:

Omsøkt formål er i samsvar med reguleringsplan, og tilkomst er sikra ihht. reguleringsplan.

Parsellen skal ha tilkomst via fylkesveg, kommunal veg, og vidare via privat fellesveg. Det skal opparbeidast avkjøring frå veg f\_KV02, og veg f\_KV04 skal opparbeidast fram til ny planlagt avkjøring i nord. Avkjøringar skal dimensjonast for stor bil.

Jf. føresegner § 2.3 lyt vegar til tomte vere ferdig opparbeidd med faste dekker og tilhøyrande fortau, før det kan gjevast bruksløyve for verksemdar innafor planområdet.

Ny veg lyt opparbeidast i samsvar med tidlegare gjevne løyver for veganlegget, og ein lyt pårekne å opparbeide fortau f\_FT04 fram til avkjøringa.

Administrasjonen er positiv til omsøkte frådeling, og vurderer at både veg f\_FT04 og fortau f\_FT04 lyt opparbeidast fram til avkjøringa i nord.

Veg med fortau må vere opparbeidd før bruksløyve kan gjevast, jf. føresegner.

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, jf. §§ 27-1 til 27-4, søknad om oppretting av ny grunneigedom på 3,1 da frå gbnr 22/218, i samsvar med søknad motteken 30.03.2015. Godkjenning vert gjeve på følgjande villkår:

1. Veg f\_FT04 og fortau f\_FT04 lyt opparbeidast fram til avkjøringa i nord i samsvar med tidlegare gjevne løyver for veganlegget .
2. Veg med fortau må vere opparbeidd før bruksløyve kan gjevast.
3. Det lyt søkjast om tilknytningsløyve for VA-anlegget i samband med byggjesaka.»

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jfr plan- og bygningslova § 21-9

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt tiltakshavar. Gebyret vil omfatte kommunen si handsaminga av saka etter pbl kap 32 (avdekking av ulovleg tiltak og pålegg om stans, samt gebyr for føreliggjande løyve til tilbakeføring). Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Prosjektstyring Vest AS

Postb. 66

5302

STRUSSHAMN

Anngunn Marie Gullbrå

Anlegg og Industrideknikk AS

Kvassnesvegen 33

5914

ISDALSTØ

Merethe Tvedt

**Mottakere:**

Mjåtveit Næringspark AS

Grønmyrvegen 2 5353

STRAUME